




vatn frå fjell til fjord



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# HANLINGSPROGRAM 2016 – 2018

Regional plan for vassforvalting i vassregion Hordaland (2016-2021)



Forslag til Handlingsprogram for vassregion Hordaland 2016-2018 sendast på høyring i perioden 19. mai 2015 – 1. august.

Høyringsfråsegner sendast til:

Vassregionsmyndigheita for vassregion Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
e-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Høyringsdokumenta er tilgjengeleg på

<http://www.vannportalen.no/hordaland>

Her finn ein og kontaktinformasjon og anna informasjon om vassforvaltingsarbeidet i vassregion Hordaland.

*Alle foto: Sølve Sondbø*

## Skildring av planen

Første høyringsrunde for regional plan for vassregion Hordaland (sak 2014/16490) 1.juli – 31.desember 2014. Ei avgrensa del av planen vert lagt ut for annan gongs høyring i mai 2015, med høyringsfrist 20.juli. Handlingsprogrammet vert høyrt samstundes.

Planen er utarbeida i tråd med EU sitt vassdirektiv, *forskrift om rammer for vassforvaltinga* (vassforskrifta). Planen presenterer korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsigkt perspektiv. Dei fastsette miljømåla vil vere eit sentralt verkty for eit heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatnet. Dette skal skje gjennom:

- Ei heilskapleg vassforvalting på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, med god medverknad frå allmenne interesser
- At ansvarlege kommunar, fylkeskommunar og sektormyndigheter følgjer opp forvaltingsplanen gjennom eigne planar og vedtak etter eige sektorlovverk
- Å unngå forverring av miljøstanden i vassdrag og kystvatn
- Å oppfylle miljømål og gjennomføre miljøforbetrande tiltak slik det vert fastsett for den enkelte innsjø-, elv- og kystvassførekost.

Tiltaksprogrammet til planen set opp kva tiltak som må gjennomførast for at desse måla skal nåast. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekostane innan 2021.

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 er den første av i alt tre planrundar fram til og med 2033. Planen rullerast kvart 6. år.



## **Handlingsprogrammet**

Plan- og bygningslova § 8-1 pålegg at det til alle regionale planar skal følgje med eit vedteke handlingsprogram. Det er fylkestinget som vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Fylkestinget har òg ansvar for å ta handlingsprogrammet opp til rullering. Ved denne rulleringa fornyast inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen.

Handlingsprogrammet viser kva oppfølging planen krev og utpeikar ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføring av planen. Det er òg peika på kvar ressursbehovet ligg. Arbeidsfordelinga kjem fram av tabellen på side 4-6. Oppgåvene er ikkje lista etter prioritert rekkefølgje. Handlingsprogrammet fokuserer på sjølve planprosessen, og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet.



Handlingsprogram for <i>Regional plan for vassforvalting i Vassregion Hordaland 2016-2021</i>							
		Hovudansvar	Medverkande	2016	2017	2018	Ressursbehov 2016
<b>Oppgåve:</b> <i>Iverksetjing av Regional plan for vassforvalting i Vassregion Hordaland</i>							
Aktivitet 1	Setje i verk regional plan i kommunane	Fylkeskommunen	Vassområda, kommunane	x	x	x	Ressursar til fagleg og administrativt arbeid i Kommunane
Aktivitet 2	Setje i verk regional plan gjennom dei regionale planoppgåvane	Fylkeskommunen		x	x	x	
Aktivitet 3	Gjennomføre tiltaksprogram	Sektormyndigheter og Kommunar	Alle	x	x	x	
Aktivitet 4	Legge regional plan til grunn for eiga verksemd	Sektormyndigheter, og Kommunar	Alle	x	x	x	Ressursar til iverksetjing og utviklingsarbeid i eige Fylkeskommune
Aktivitet 5	Rapportere til vassregionmyndigheita når planens formål og prioriteringar ikkje vert fylgt	Sektormyndigheter og Kommunar		x	x	x	
Aktivitet 6	Ståande oppdatering i Vann-Nett om gjennomførte tiltak (miljøtilstand, karakterisering).	Vassregionmyndighet Fylkesmannen (fagansvar)	Fylkesmannen, Vassområda, Sektormyndigheter, Kommunane	x	x	x	Behov for ressursar til Vassområda som må utføre det praktiske arbeidet
Aktivitet 7	Oppdatering og utvikling av tiltaksprogram	Vassregionmyndighet	Alle	x	x	x	
Aktivitet 8	Oppsummering om tiltaksstatus, samordne rapportering til ulike myndigheter	Vassregionmyndighet	Fylkeskommunen, Vassområda, Kommunane, Sektormyndigheter	x	x	x	
Aktivitet 9	Rapportere til Miljødirektoratet på gjennomføring av den regionale planen	Vassregionmyndighet	Kommunane, Vassområda, Fylkeskommune, Fylkesmannen, Sektormyndigheter			x	
Aktivitet 10	Gjennomføre regionalt overvakingsprogram	Fylkesmannen	Kommunane, vassområda, forureinar	x	x	x	Ressursar til fagleg og administrativt arbeid i vassområda, kommunar og

							fylkesmann.
Aktivitet 11	Klargjering av eksisterande økonomiske og juridiske verkemidlar og stående vurdering av behov for nye verkemidlar	Vassregionmyndighet	Fylkesmannen, Miljødirektoratet, Sektormyndigheter	x	x	x	
Aktivitet 12	Skaffe betre grunnlag for utgreiing av kostnadar, effektar og nytte og dermed prioritering av tiltak	Vassregionmyndighet	Fylkesmannen, kommunane, Vassområda, Sektormyndigheter	x	x	x	
<b>Oppgåve:</b> <i>Arbeid på regionalt nivå</i>							
Aktivitet 13	Avhalde møte i Vassregionens arbeidsutval og i Vassregionutvalet	Vassregionmyndighet	Vassregionutval	x	x	x	Ressursar til fagleg, politisk og administrativt arbeid i Fylkeskommune, arrangementsutgifter
Aktivitet 14	Rapportgrunnlag til Miljødirektoratet for ESA-rapportering	Vassregionmyndighet, Fylkeskommunen	Sektormyndighet, Kommunane	x		x	Tidsressurs
Aktivitet 15	Halde regional referansegruppe orientert om arbeidet	Vassregionmyndighet	Vassregionutval	x	x	x	
Aktivitet 16	Avhalde møter mellom Vassregionmyndighet, Fylkeskommune, Fylkesmannen og Vassområde-leiarar for diskusjon av relevante tema, kurs og opplæring	Vassregionmyndighet	Fylkeskommune, Fylkesmannen, Vassområda	x	x	x	
Aktivitet 17	Bidra til regionalt fokus på vatn - samordne med andre aktivitetar og avdelingar i fylkeskommunen, f.eks. gjennom interne møter mellom ulike fageiningar	Fylkeskommune	Vassregionmyndighet	x	x	x	
Aktivitet 18	Følgje opp Vassområda	Fylkeskommune		x	x	x	
Aktivitet 19	Formidle arbeidet med oppfølging av den regionale planen og tiltaksprogrammet	Vassregionmyndighet	Fylkeskommune	x	x	x	Ressursar til fagleg, politisk og administrativt arbeid i Fylkeskommune, arrangementsutgifter. Det same i vassområda og hos sektormyndigheter, fylkesmenn
Aktivitet 20	Klargjering av oppgåver og rollar, gjennomgå ansvar og oppgåvefordeling under vassregionen	Vassregionmyndighet	Fylkesmannen, Miljødirektoratet,	x			

	si organisering. Bevisstgjering rundt nødvendig tidsbruk for interne prosessar og politisk behandling		Fylkeskommune				
Aktivitet 21	Oppdatere og drifta heimesider for vassregion Hordaland (vannportalen.no)	Vassregionmyndigkeit	Vassområda	x	x	x	
<b>Oppgåve</b> <b>Arbeid på vassområdenivå</b>							
Aktivitet 22	Avhalde møter i vassområda	Vassområda/Kommunane	Vassregionmyndigkeit , Fylkeskommune, Fylkesmannen	x	x	x	
Aktivitet 23	Sørgje for medverknad frå allmenne interesser på lokalt nivå	Vassområda/Kommunane		x	x	x	
Aktivitet 24	Utnytte finansieringsordningar til tiltak	Fylkesmannen, sektormyndigheiter	Kommunane, Vassområda	x	x	x	
Aktivitet 25	Bidra til lokal kunnskapsoppbygging og bevisstgjering, oppdatere og drifta heimeside	Vassområda		x	x	x	Behov for midlar til Vassområda og Kommunane. Nyte eksisterande kommunikasjonsmidlar i kommunane
Aktivitet 26	Kurs i uthenting av informasjon i Vann-Nett for kommunane	Vassregionmyndigkeit	Prosjektleiarar	x			
Aktivitet 27	Rapportering til fylkeskommunen/ Vassregionmyndigkeit	Vassområda		x		x	
Aktivitet 28	Følgje opp tiltaksovervaking	Vassområda	Fylkesmannen, Fylkeskommune, Sektormyndigheiter	x	x	x	
Aktivitet 29	Følgje opp problemkartlegging	Vassområda	Fylkesmannen, Fylkeskommune, Sektormyndigheiter	x	x	x	
Aktivitet 30	Oppdatering og utvikling av tiltaksanalyse	Vassområda	Sektormyndigheiter	x	x	x	
<b>Oppgåve</b> <b>Planlagde prosjekter i vassregionen</b>							
Prosjekt 1	Problemkartlegging	Vassområda/ Fylkesmannen	Sektormyndigkeit, Vassregionmyndigkeit, Kommunar	x	x	x	
Prosjekt 2	Overvaking	Fylkesmannen	Sektormyndigkeit, Vassregionmyndigkeit, Kommunar, bedrifter	x	x	x	



